

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 22.01.2015

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Tillegg til pkt. 3:

Bybanen skal knyte Bergen saman og vere ein byutviklar, ikkje berre frakte menneske inn og ut av bykjernen. Den verkeleg store oppgåva som Bybanen må løysa, er korleis vi skal få dei som i framtida kjem til å jobba på Mindemyren, på Haukeland eller i Fana/Ytrebygda til å setje frå seg bilen og bruke kollektivtilbodet til jobb.

Tillegg kulepunkt under pkt.5:

Det er viktig at det gode busstilbodet mellom sentrum og Fyllingsdalen blir oppretthalde når vi får bybane til Fyllingsdalen. Bybanen vil ikkje ta raskaste veg mellom sentrum og Oasen, men derimot knyte Bergen betre saman.

Tom Sverre Tomren (MSG) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av utvalet:

«Tillegg til pkt. 2: Hordaland fylkeskommune vil understreke viktigheten av at vidare fremdrift og arbeid med bybane nordover ikkje skal stoppes eller hindres.»

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag til nytt pkt. 6 på vegner av utvalet:

«Det skal leggjast til rette for gode sykkeltraseer inn mot sentrum frå alle bydelar, gjerne langs framtidige bybanetrasear der dette er hensiktsmessig.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag ptk. 1, 2, og 4 vart samrøystes vedteke.

Njærheim sitt forslag vart vedteke med 8 røyster (H, V, Frp og Krf) mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 5 røyster (A og MDG) og fall.

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at arbeidet med ein kommunedelplan for kollektivsystem mellom Bergen sentrum og Bergen vest startar opp.
 - Fylkeskommunen tilrår planprogrammet.
 - Fylkeskommunen ber om at nabokommunane i vest også blir trekt inn i analysar og planarbeidet.
 - Kommunedelplanarbeidet må i tidleg fase leggje vekt på å avklare behov for areal i sentrum til Bybanen, strekning Sentrum til Fyllingsdalen via Mindemyren.
 - Det må leggjast vekt på potensiale for byutvikling i tilknytning til dei ulike korridorar.
 - Utgreiinga bør vurdere korleis landskap og kulturminne vert påverka, og i særleg grad gjeld dette Bergen sentrum.
2. Hordaland fylkeskommune legger vekt på kontinuerlig utbygging og støttar oppstart av reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen.
Hordaland fylkeskommune vil understreke viktigheten av at vidare framdrift og arbeid med bybane nordover ikkje skal stogast eller hindrast.
3. Planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen. Hordaland fylkeskommune støtter val av trase til Fyllingsdalen via Haukeland og Mindemyren, og er samd i silinga som er vist i planprogrammet.

Bybanen skal knyte Bergen saman og vere ein byutviklar, ikkje berre frakte menneske inn og ut av bykjernen. Den verkeleg store oppgåva som Bybanen må løysa, er korleis vi skal få dei som i framtida kjem til å jobba på Mindemyren, på Haukeland eller i Fana/Ytrebygda til å setje frå seg bilen og bruke kollektivtilbodet til jobb.

4. For delstrekning Nonneseter – Mindemyren ber vi om at følgjande vert vektlagt:
 - Funksjonen til Bergen busstasjon som nasjonalt knutepunkt.
 - Haukeland universitetssjukehus som målpunkt og bytepunkt
 - Jernbanen sitt areal langs delstrekninga
 - Senterutvikling.
 - Traséalternativa kan kome i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser på delstrekninga frå Fløen til Haukeland og planarbeidet må legge særleg vekt på utforminga av traséen.

5. For delstrekning Mindemyren – Fyllingsdalen ber vi om at følgjande vert vektlagt:
 - Kollektivterminal ved bydelssenteret må sikrast som kompakt bytepunkt mellom ulike transportmiddel.
 - Planarbeidet må bygge opp under god senterutvikling og samkøyrast med pågåande planarbeid for sentrale deler i Fyllingsdalen.
 - Det er viktig at det gode busstilbodet mellom sentrum og Fyllingsdalen blir oppretthalde når vi får bybane til Fyllingsdalen. Bybanen vil ikkje ta raskaste veg mellom sentrum og Oasen, men derimot knyte Bergen betre saman.

6. Det skal leggjast til rette for gode sykkeltraseer inn mot sentrum frå alle bydelar, gjerne langs framtidige bybanetrasear der dette er hensiktsmessig.